
Fra: Torgeir Bleikli <torgeirbleikli@hotmail.com>
Sendt: lørdag 14. november 2020 13.55
Til: Marte Hagen Eriksrud
Emne: Info i forbindelse med sak om bandlegging - Gbnr 188/1 Ytre Gjervik

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei og takk for forrige møte. Det kom då opp spørsmål frå oss kring bandlegginga som har foregått på bruket (Gbnr 188/1 i Alver kommune) sidan slutten av 1990-tallet. Eg sender deg dette på vegne av mine foreldre.

Noko bakgrunnsinfo her slik du bad om:

Siden 1997 (Kommunedelplan for Knarvik – Isdal – Alver 2000 –2012) har garden våre bandlagt med hensyn til ny E39. Bandlegginga har vore i KDP for Knarvikområdet fram til bandlegginga blei ein del av det planarbeidet som knyttar seg til KDP Flatøy-Eikefet i 2016. Dette har sjølvsagt vore til hinder for større investeringar og realisering av potensialet i bruket. Situasjonen har opplevdes vanskeleg å endre og veldig tidkrevjande. At ein kan drive med bandlegging over så lang tid, utan nokon slags kompensasjon eller kommunikasjon, virkar for oss urimeleg.

Då Statens vegvesen varsla om oppstart av planarbeid for KDP E39 Flatøy-Eikefet i 2015, intensiverte ein arbeidet for å utvikle delar av bruket til boligutbygging. Me sendte då innspel til rulleringa av KDP Knarvik – Alversund, innsendt 29.01.2016. Innspelet blei tatt inn i plankartet gjennom politisk behandling, men blei tatt ut i siste høyring (haust 2019) etter fråsegn frå Fylkesmann/Statens vegvesen med hensyns til den nemnde bandlegginga.

Me set stor pris på at du ville undersøkje dette for oss. Ta gjerne kontakt om du treng noko meir informasjon.

Mvh
Torgeir Bleikli